

Jnr. 1096.17

GJG/rr

Austevoll kommune
Bømlo kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Kvinnherad kommune
Stord kommune
Sveio kommune
Tysnes kommune

SØKNAD OM AUKE I TILTAKSPOTTEN TIL SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Samarbeidsrådet for Sunnhordland hadde i møte 7. september oppe sak 19/17 – Reiselivssatsing i Sunnhordland – økonomi.

I saksutgreiinga hadde administrasjonen utgreidd to alternativ:

1. Auka kommunetilskotet
2. Auka tiltakspotten

For kommunane kan det gjerne vera liten forskjell om midlane går til tiltakspott eller direkte til reiseliv, men ein auke i tiltakspotten kan nyttast til andre føremål, og generera andre midlar.

Etter ei drøfting gjorde Samarbeidsrådet følgjande samrøystes vedtak:

Samarbeidsrådet rår til at administrasjonen søker kommunane om ein auke i tiltakspotten frå kr. 2 til kr. 7 pr. innbyggjar frå 2018.

Med bakgrunn i ovannemnde vedtak søker administrasjonen kommunane om å auka tiltakspotten til kr. 7 pr. innbyggjar frå 2018.

Sunnhordland, 11. september 2017

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Vedlegg: Sak 19/17